



Fortidsminneforeningen



## «URNESHAGEN» IDÉ- OG KONSEPTSKISSE

### IDEEN OM «URNESHAGEN»

Ideen om «Urnes» blei utforma som ein del av søknaden om å få Urnes stavkyrkje autorisert som verdsarvsenter (2019) med ein grunntanke om å formidle natur- og kulturarven som heilskap, med særleg merksemd på berekraft. Denne tilnærminga til formidling om Fortidsminneforeningen sine eigedomar byggjer på foreininga sin barnemaskot, flaggermusa Fortimus, og den gamle Urnesløva. Hovudbodskapen i dette barnekonseptet handlar om å engasjere barn og unge i å ta vare på kulturminne og naturen dei er ein del av.

Utgangspunktet for ideen om «Urnes» er den interessa for landskapsrommet, kulturmiljøet og fruktdyrkinga på Ornes som blir vekt hos dei som besøker staden. Eplehagane er det som møter dei besøkjande når dei kjem til verdsarven. Denne interessa hos dei rundt 40 000 menneska som besøker området, skaper både utfordringar og moglegheiter. «Urnes» tek sikte på å gje begge sider ei berekraftig retning og nyskapande løysingar.

«Urnes» skal bidra til ei langsiktig og berekraftig besøksforvaltning av stavkyrkja og omgjevnadene rundt henne. Målet er å spreie fotavtrykket etter turismen utover eit mangesidig formidlingstilbod. «Urnes» er eit viktig prosjekt i Urnes si utvikling som verdsarvsstad og etableringa av eit nytt verdsarvsenterbygg på Ornes.

Kulturmiljøet og landskapet rundt Urnes stavkyrkje har uforløyste potensial som kjelde til kunnskap og opplevingar med utgangspunkt i kvalitetane i landskapet, den rike kulturhistoria til området og jord- og hagebruket på Ornes gjennom tidene. Ideen om «Urnes» er ei gylden moglegheit til verdiskaping som byggjer på at turistane er nyfikne på det frodige fjordlandskapet.

### «VERDA INN I TUNET» – IDÉGRUNNLAGET FOR URNES VERDSARVSENTER

Idé- og konseptskissa for planlegginga av Urnes verdsarvsenter har eit globalt perspektiv gjennom overbygninga «Verda inn i tunet». Dette viser til ei internasjonal kulturkontakt på Ornes i eit historisk perspektiv og til dei utfordringane vi opplever i dag når det gjeld berekraftig forvaltning av kultur- og naturarven i ei globalisert verd. Idégrunnlaget for verdsarvsenteret peikar på einskildmennesket sitt ansvar for å forvalte verda sin kultur- og naturarv, og på at globale utfordringar må løysast i fellesskap:

«Senteret skal planleggjast i spennet mellom det berekraftige lokalsamfunnet og den internasjonale attraksjonen. I dette ligg det eit allment perspektiv som ikkje kjenner landegrensar: Vi har alle eit ansvar for å forvalte kulturarven i verda og ta vare på ressursane på jorda.» (Idé- og konseptskisse for Urnes verdsarvsenter, 2018)

## DET OVERORDNA MÅLET FOR «URNESHAGEN»

«Urneslagen» skal vere eit signalprosjekt innan berekraftig besøksforvaltning med lokalmiljøet som sjølv grunnressursen. Prosjektet skal generere ny kunnskap og leggje til rette for at landskapet, landbruks- og hagebruksområda og kulturmiljøet på Ornes, med dei fysiske og biologiske kulturminna som er å finne der, skal bli ein verdiskapar og ein kunnskaps- og opplevingsressurs for ei berekraftig framtid både for besøkjande og fastbuande. «Urneslagen» skal vere ein del av utviklinga av området på lokalmiljøet sine eigne premiss, som blir tekne inn gjennom samarbeid og medverknadsprosessar.

### «URNESHAGEN» – I DEN GAMLE EPLEHAGEN

«Urneslagen» var ein del av arkitektkonkurransen for eit nytt verdsarvsenterbygg (2021/22). Ein gamal eplehage på tomta til senteret skal stå i samband med bygget og vere ein del av den same formidlingsmessige heilskapen. Eplehagen skal utviklast som ein informasjonshage og eit pedagogisk verktøy for kunnskap om berekraft, artsmangfald og matproduksjon, vern og forvaltning av natur og kulturminne. Han skal vere inngangsporten til Ornes-området og vere med på å gje dei besøkjande innsikt i området sine kvalitetar og sårbare sider som krev at alle ferdast på ein skånsam og respektfull måte.

### «URNESHAGEN» – I DET STORE LANDSKAPSROMMET

Den andre sida av «Urneslagen» er ei overbygning over dei mange moglegheitene som Ornes-området byr på når det gjeld å dra dei besøkjande inn i landskapet for å gje dei opplevingar, innsikt og kunnskap om naturen og kulturarven, dei biologiske og fysiske kulturminna, den historiske djupna i landskapet, jordbruk og hagebruk, kulturhistoria og den immaterielle kulturarven. Grunneigarane på Ornes er ein hovudressurs for «Urneslagen» som heilskap. Skjøtsel og pleie av landskapet og ein betre økologisk tilstand som gjev grunnlag for større artsmangfald, er grunnleggjande for denne sida av «Urneslagen».

### «URNESHAGEN» – SOM HEILSKAP

«Urneslagen»-konseptet har såleis to sider som saman skal gjere dei besøkjande og fastbuande betre rusta for ei berekraftig framtid, og som bidreg til å bevare verdsarven Urnes stavkyrkje og landskapet kyrkja er ein del av, på lang sikt.

### EIT BEREKRAFTPROSJEKT

Prosjektet skal støtte opp under FN sine berekraftsmål og bidra til Luster kommune og Vestland fylke sitt arbeid for berekraftig utvikling. «Urneslagen» skal synleggjere relevante berekraftsmål og knyte konkrete tiltak til måla.

Eit breitt utval av formidlingstilbod og opplevingar skal gje dei besøkjande kunnskap til å sjå samanhengar og bli medvitne om sitt eige økologiske fotavtrykk. «Urneslagen» skal engasjere kvar einskild til å gje berekraftige «handtrykk» og skjöne kor viktige eins eigne bidrag er i innsatsen mot klima- og naturkrisa og når det gjeld vern og bruk av natur- og kulturarven.

### PROSESS OG PROSJEKT

«Urneslagen» er eit utviklingsprosjekt som skal realiserast steg for steg i eit langsiktig perspektiv, der etableringa av verdsarvsenter-bygget og FN sin Agenda 2030 er naturlege markørar. Prosjektet skal ha eit tydeleg fokus på verdiskaping med miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske perspektiv.

### VERDISKAPING OG SAMFUNNSNYTTE

Den miljømessige verdiskapinga vil stå sterkt, og føremålet er å styrkje og synleggjere kvalitetane og verdiane som er knytte til kulturmiljøet og landskapet på Ornes. Dette vil sjølvstakt vere tett knytt til

forvaltninga og formidlinga av den immaterielle kulturarven gjennom gamle praksisar for skjøtsel og bevaring av fysiske og biologiske kulturminne.

Prosjektet skal støtte opp under samfunnsnytta til autoriserte besøkssenter ved å bidra til å minske skade på naturområde og kulturmiljø og til ny kunnskap gjennom kartlegging og forskning.

«Urneshagen» skal gje inspirasjon til nytenking og styrkje dei lokale grunneigarane og næringsdrivande på Ornes/Luster i innsatsen for ei berekraftig utvikling og forvaltning av landskapet og dei ressursane som ligg der – både i eit historisk og i eit samtidig perspektiv.

Det er planlagt eit produsentdrive utsal for lokalproduserte varer på verdsarvsenteret. Prosjektet «Urneshagen» skal dra utsalet inn i heilskapen og i eit verdiskapingsperspektiv som kan romme delingsøkonomiske prinsipp, produsentsamarbeid, produktutvikling, kunnskapsdeling o.a.

## DET SAMFUNNSMESSIGE OG FAGLEGE ANKERET

Prosjektet er knytt opp mot **Kulturmiljømeldinga** (St. Meld. 16; 2019–2020) og er særleg tydeleg knytt til det første av dei tre nasjonale måla for kulturmiljøpolitikken: «Alle skal ha mulighet til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø: Målet vektlegger menneskers rett til å ha en kulturarv og at kulturmiljø er et felles gode som det er et felles ansvar å forvalte. Målet understreker også at alle skal ha mulighet til å engasjere seg».

I dette ligg den lokale eigarskapen til prosjektet og drivkrafta gjennom fastbuande, grunneigarar, lokale frivillige og alle formidlingstiltaka som er meinte å skulle inspirere og engasjere besøkjande i alle aldrar til å ta vare på natur- og kulturarven for framtida.

Prosjektet skal byggje på **skjøtselsplanane for Ornes** (Aurland Naturverkstad; 2014) med dei tilrådingane og moglegheitene som ligg i dei når det gjeld: «**1.** Å ta vare på landskapskvalitetane og framheve kulturhistoria i landskapet **2.** Å gjere kulturhistoria i landskapet tilgjengeleg.»

## UTVIKLINGSPOTENSIAL OG SATSINGSOMRÅDE

Prosjektet skal få fram idear, utviklingspotensial og moglegheiter både for «Urneshagen» som informasjonshage på tomta til senteret, og for «Urneshagen» som ei idéoverbygning for natur- og kulturformidling og opplevingar i landskapet og kulturmiljøet på Ornes, og gradvis setje dei ut i livet.

*Prosjektet skal ha ei brei tilnærming til formidlingstema og ta sikte på å skape eit mangfald av tilbod til besøkjande og ha ei involverande arbeidsform med lokal medverknad og dialog.*

Det skal *greie ut og konkretisere lokalhistorie og kulturhistorie som grunnlag* for kunnskap og opplevingar. Prosjektet skal sjå utviklingspotensial i dei delområda av Ornes og den tilhøyrande kulturhistoria som skjøtselsplanane peikar på, til dømes formidlingsmoglegheitene som dei lokale husmannsplassane byr på når gjeld husmannsvesenet og den store utvandringa til Amerika frå Luster.

Prosjektet skal tematisere og planleggje *kvar og korleis* ein kan dra dei besøkjande inn i landskapet rundt Urnes stavkyrkje for å gje dei større innsikt i og forståing for kor viktig det er å bevare natur- og kulturarven i eit lokalt og globalt perspektiv.

Den endra bruken av og den historiske djupna til landskapet skal setje stavkyrkja og landskapet ho er ein del av, i samanheng, og dei gamle *utskiftingskarta skal utviklast som ein vegvisar og formidlingsressurs*.

«Urneshagen»-prosjektet skal gje ny kunnskap gjennom samarbeid med forskingsmiljø, og det er etablert eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Prosjektet skal leggje opp til *datainnsamling på*

*område der det trengst større kunnskapsgrunnlag, til dømes ved å registrere store tre på Ornes. Dei innsamla dataa kan nyttast vidare i forskning og gje synergjar til formidling retta mot dei besøkjande, og såleis vil dei ha brei samfunnsnytte. Det er òg aktuelt å ta initiativ til forskning på område der det finst lite forskingsmateriale frå før, til dømes det biologiske mangfaldet i eldre eplehagar.*

#### «URNESHAGEN» FOR BARN OG UNGE

Ornes verdsarvsenter skal gje kunnskap om fortida og innsikt for framtida, og skal ta utgangspunkt i at alle menneske er grunnleggjande nysgjerrige, søker opplevingar, kunnskap og refleksjon, og har ein trong til å setje kunnskap i samanheng. «Urneshagen» som prosess og prosjekt ligg godt til rette for å involvere barnehagar og skular og late barn og unge vere aktive deltakarar, utforskarar og medskaparar.

«Urneshagen» skal vere ein læringsressurs for skuleverket innanfor dei to overordna tverrfaglege temaa «Berekraftig utvikling» og «Demokrati og medborgarskap». Dei tverrfaglege temaa i læreplanverket tek utgangspunkt i aktuelle samfunnsutfordringar som krev engasjement og innsats frå einskildmenneske og fellesskapen i lokalsamfunnet, nasjonalt og globalt.

Som UNESCO-verdsarvsstad byggjer Ornes sitt engasjement for barn og unge på «Global Citizenship» som ei overordna pedagogisk tilnærming. Omgrepet «Global Citizenship» – global medborgarskap – byggjer på eit heilskapleg menneskesyn og livslang læring frå barndomen til vaksen alder for å bli rusta til å ta aktivt del i samfunnet på lokalt, nasjonalt og globalt nivå. Global Citizenship dekkjer det idé- og konseptskissa for Ornes verdsarvsenter uttrykkjer slik: «Vi har alle eit ansvar for å forvalte kulturarven i verda og ta vare på ressursane på jorda. Der vi bur og der vi ferdast. Vi kan alle gjere vårt for å bevare for framtida.»